



Jobbnorge-ID: 139799

Søknadsfrist: Avsluttet

Nettside:

Omfang:

Varighet:

Førsteamanuensis (100 %) i musikkterapi

Ved Griegakademiet - Institutt for musikk, er det ledig ei stilling som førsteamanuensis (100 %) i musikkterapi. Tilsetjing er ønska frå 1. januar 2018.

Griegakademiet - Institutt for musikk, er ein del av Fakultet for kunst, musikk og design (KMD) ved Universitetet i Bergen. Fakultetet har om lag 600 studantar og 180 tilsette og tilbyr forskingsbasert utdanning på bachelor-, master- og ph.d.-nivå. Griegakademiet samlar sterke og internasjonalt akta fagmiljø, og vektlegg møtepunkt mellom kunstnarlege disiplinar, musikkvitenskap, musikkterapi, musikkpedagogikk og andre universitetsfag.

Musikkterapi er etablert som fag ved Universitetet i Bergen sidan 2006, og hausten 2010 ble det etablert eit femårig integret masterprogram i musikkterapi med årlige opptak. Doktorgradstilbod i musikkterapi er utvikla i samarbeid med *Grieg Research School in Interdisciplinary Music Studies*. UiB og Uni Research samarbeider om å utvikle GAMUT - Griegakademiets senter for musikkterapiforskning (gamut.no) til eit internasjonalt leiande forskingsmiljø.

Ved Griegakademiet og GAMUT er musikkterapi definert som studiet av musikk og helse. Musikkterapifaget er såleis ikkje avgrensa til utforsking av musikkterapi som profesjonell praksis, men omfattar også studiet av musikk som ressurs for helse og utvikling i ulike kvardagskontekstar. Som fag og forskingsfelt søker musikkterapi difor å utvikle tverrfaglege samarbeidsrelasjonar, med fagområde som musikkvitenskap, medisin, psykologi, pedagogikk, sosiologi og antropologi.

Arbeidsoppgåver/forskningsområde

Vi søker etter ein kandidat med spesialisert kompetanse innan eitt eller fleire forskingsområde innan musikkterapi, kombinert med ei brei orientering og kapasitet til fleksibelt å bidra med undervisning i ulike kurs og emne ved studiet. Den som vært tilsett i stillinga vil få høve til å vere med og ta ansvar for heilskapen i musikkterapi som forskingsbasert fag og utvikle ein visjon og posisjon for musikkterapi som eit nytt universitetsfag i utvikling.

Ved tilsetjing vil det verte lagt vekt på dokumentert vilje og evne til samarbeid.

Kvalifikasjonar og eigenskapar

For å bli tilsett i stilling som førsteamanuensis i musikkterapi må ein ha ei musikkterapiutdanning på masternivå og norsk doktorgrad, eller tilsvarende utanlandsk utdanning innan musikkterapi og doktorgrad, eller ha levert doktoravhandlinga si til bedømming innan søknadsfristen er ute. Det er ein føresetnad at avhandlinga er godkjent før tilsetjing som førsteamanuensis kan skje.

Vurderingskriterium ved tilsetjing

Ved vurdering av søkjarar vil følgjande kriterium verte vektlagde:

- forskingskompetanse på internasjonalt nivå
- relevant erfaring frå musikkterapeutisk praksis
- undervisnings- og rettleiingskompetanse i høve til relevante undervisningsemne ved musikkterapistudiet
- evne og vilje til å ta ansvar i utviklinga av musikkterapi som forskingsbasert universitetsfag, med fokus på moment som initiativ og kreativitet, evne til å tenkje og arbeide tverrfagleg og evne til å samarbeide og bygge nettverk.

Den faglege kompetansen vil bli vurdert av ein sakkunnig komité. Dei best kvalifiserte søkjarane vil bli kalla inn til intervju av ei intern intervjugruppe, og vil også måtte halde ei prøveforelesning for stab og studantar ved instituttet.

Tilsetjing i stillinga krev at ein har sin daglege arbeidsplass ved Universitetet i Bergen og deltek i instituttet si drift. Det blir kravd at ein rettar seg etter dei retningslinene som til ei kvar tid gjeld for stillinga. Fordeling av arbeidstida går fram av den årlege individuelle arbeidsplanen som blir utarbeidd i dialog med den enkelte tilsette og instituttleiar. Instituttleiar har ansvar for å koordinere det totale studietilbodet ved instituttet.

Undervisnings- og administrasjonsspråket er til vanleg norsk. Ved eventuell tilsetjing av utanlandsk søkjar som ikkje beherskar norsk ved tilsetjing vil engelsk kunne brukast som undervisningsspråk i ein overgangsperiode, vanlegvis maksimum to år.

For stillinga vert det kravd pedagogisk basisutdanning. Søkjarar som ikkje stettar dette kravet ved tilsetjing får tilbod om slik opplæring og må dokumentere at ho er gjennomført innan to år etter tilsetjing.

Vi kan tilby

- Løn etter lønnssteg 60 - 65 (kode 1011/lønnsramme 24) i lønsregulativet til staten ved tilsetjing. Dette utgjør ei årsløn på kr. 517.700 - 569.000. Vidare opprykk skjer etter tenesteansiennitet i stillinga. For særlig kvalifiserte søkjarar kan det bli aktuelt å vurdere høgare løn.
- Eit godt og fagleg utfordrande arbeidsmiljø
- Medlemskap i Statens pensjonskasse
- Stilling i ei inkluderande arbeidslivsverksemd (IA-verksemd)
- Gode velferdsordningar
-

Søknaden skal innehalde

- søknadsbrev
- CV
- samandrag av ph.d-avhandlinga
- scanna versjon av originale eller attesterte kopiar av alle vitnemål frå universitet/høgskular
- representative vitenskaplege arbeid og publikasjonsliste
- namn og kontaktinformasjon på tre referansepersonar

Vedlegga kan vere i Word- eller pdf-format.

Merk: Vitenskaplege arbeid (maksimum 5) med liste over desse (i alt 4 eksemplar) sendast til Universitetet i Bergen, Griegakademiet - Institutt for musikk, Postboks 7805, 5020 Bergen.

Søkjaren må gje opp dei arbeida eller deler av arbeida som skal leggjast særleg vekt på ved vurderinga.

Søknaden skal sendast elektronisk innan oppgitt frist via lenkje på denne sida «SØK STILLINGEN». Last opp alle vedlegga som separate filer. Dersom vedlegga er større enn 15 MB må dei komprimerast før du lastar dei opp.

Andre opplysingar

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i folket. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønssamansetjing og rekruttere personar med innvandrabakgrunn. Personar med innvandrabakgrunn og personar med nedsett funksjonsevne vert oppmoda om å søkje stillinga.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitenskapelige stillingar.

Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teke til følge, skal søkjaren varslast om dette.

Fakultetet kan tilby ein interessant og krevjande stilling i eit miljø med høgt aktivitetsnivå, faglige utfordringar og gode samarbeidsforhold.

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til: Instituttleiar Frode Thorsen på tlf. + 47 - 55 58 69 79 eller førsteamanuensis Wolfgang Schmid +47 - 452 00 271.

Nærare om tilsetjingsprosessen [her](#).

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted: